



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
24/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
13/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Solveig Pedersen	FE-045, FA-X26	21/780

HEILSKAPLEG ROS ANALYSE

Vedlegg:

Analyseark Vaksdal 07.02.22

ROS-analyse Vaksdal 07.02.22

Beredskapsplan Vaksdal kommune 21.02.22

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at den heilskapelege ROS analysen vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 24/2022

FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Heilskapeleg ROS analyse vert godkjent slik den ligg føre.

Kort om saka

Den heilskapelege ROS analysen danner grunnlag for kommunen sine langsiktige mål, strategier, prioriteringer og planar for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Heimel

Lov om kommunal beredskap, sivil beskyttelsestiltak og sivilforsvaret (sivil beskyttelsesloven) §14.
Forskrift om kommunal beredskap §2.

Bakgrunn for saka

Det er krav om at overordna ROS analyse skal reviderast ved vesentlege endringar i kommuneplanen

eller ved vesentlege endringar ved risiko og sårbarheta i kommunen.

Vaksdal kommune sin overordna ROS analyse og beredskapsplan blei utarbeida i 2014. Den er ajourført i 2022.

Styringsgruppa som har deltatt i arbeidet med den heilskapelege ROS analysen har bestått av:

- Kommunedirektør, Atle Fasteland
- Kommunalsjef Digitalisering, innovasjon og samfunn, Åse Elin Myking
- Kommunalsjef oppvekst, Ann Kristin Bolstad
- Kommunalsjef helse og meistring, Solrun Hauglum
- Beredskapsleiar / HR leiar, Randi Solveig Pedersen

I tillegg har ekstern konsulent, Magne Eikanger deltatt i arbeidet.

Arbeidet i styringsgruppa og arbeidsgruppene hadde sitt første møte den 07.06.2021. Etter dette har det vært regelmessige møter fram til siste møte i styringsgruppa den 31. januar 2022.

Ekstern konsulent, Magne Eikanger, har leda arbeidet i både styringsgruppa og arbeidsgruppene. Han har gjennomført endringar og justeringar som gruppene har vorte samde om i møta. Analysen frå 2014 og møtereferat frå førre møte har blitt nøyte gjennomgått i alle møta.

Den 22 september var eksterne aktører invitert til å delta i møte. Det var sendt ut invitasjon i forkant. Aktørane blei oppfordra til å kome med innspel til Vaksdal kommune sin overordna ROS analyse. Det kom 2 innspel. Desse var frå Vaksdal kyrkelege fellesråd og frå Bane Nor. Begge innspela blei tatt inn i ROS analysen (analysearka).

Det er gjort endringar på dei fleste av analysearka, samanlikna med ROS-analyse frå 2014. Dette er gjort på bakgrunn av ny kunnskap om sannsynlegheit og konsekvensar, både lokalt og nasjonalt. Dessutan har det faktum, at folk si oppleving av tryggleik, ikkje skal telje med som ein grunnleggjande trong, ført til at ein del uønskte hendingar har fått lågare treff på konsekvens for «manglande dekning av grunnleggjande trong» samanlikna med førre heilskapelege ROS-analyse.

Kapittel 11. 6 i ROS analysen viser dei 14 hendingane med høgast risiko i kommunen. Dette er hendingar som fekk eitt eller fleire treff i oransje eller raud sone i analysen.

- 24. Overgrep mot små barn
- (3) 31. Alvorleg vald mot tilsette
- (2) 32. Brann i sjukeheim eller omsorgsbustad
- (1) 33. Epidimi mellom folk
- (3) 34. Alvorleg trafikkulykke
- (3) 35. Alvorleg ulykke på jernbanen
- (1) 39. Radioaktivt nedfall
- (4) 41. Mangelfull oppfølging av bekymringsmelding
- (1) 49. Brann i fabrikk
- (1) 51. Brann i forsamlingslokale. Inkl. kyrkjer
- (1) 52. Brann i tunnel (veg eller jernbane)
- (1) 57. Stengde vegar, inkl. bruer og tunneler, i over 24 timer
- (2) 60. Ureining av vassforsyninga
- (1) 61. Bortfall av vassforsyning i minst 48 timer

(1) Talet på konsekvenskriterier som den einkilde hendinga hadde treff i oransje / raud soner står i parentes

Vurdering og konsekvensar

ROS analysen viser korleis kommunen kan redusere sannsynet for uønska hendingar. Den skal vise korleis ein kan førebu seg slik at konsekvensane for liv og helse, folks grunnleggande behov, forstyrningar i dagleglivet, natur og miljø, kulturverdiar, materielle verdiar, samt kommunen sitt omdøme vert så små som mogleg.

Beredskapsplanen blir utarbeida på bakgrunn av den heilskapelege ROS analysen. Den er eit viktig verktøy for å kunne ivareta ekstra ordinære hendingar/situasjonar.

Dei hendingar som vert omfatta av beredskapsplanen vert vurdert til å ha høgare risiko enn det som vert oppfatta som «normal risiko». Beredskapsplanen er samordna med andre kris- og beredskapsplanar i kommunen.